

## Strategi 2020–2030 Universitetet i Stavanger

### Samfunnsoppdrag: utfordre det velkjente og utforske det ukjente

Samfunnsoppdraget vårt er høgare utdanning, forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid, formidling og innovasjon. Dette oppdraget har vi konkretisert og gjort til mottoet vårt:

*Vi vil utfordre det velkjente og utforske det ukjente.*

Museet bidreg til dette ved å utfordre det velkjente og utforske det ukjente gjennom forskning, forskningskommunikasjon og forvaltning av vår kulturarv.

### Visjon: drivkraft i kunnskapsutvikling og endring

*Universitetet i Stavanger (UiS) skal ha ein innovativ og internasjonal profil og vere ei drivkraft i kunnskapsutviklinga og i endringsprosessar i samfunnet.*

### Profil: eit innovativt universitet

Vi er relevante og synlege gjennom å utfordre, utforske og utvikle samfunnet. Tilsette og studentar skal samhandle tett med omgjevnadane i ein internasjonalt retta og innovativ region. Vi har eit regionalt, nasjonalt og globalt blick i dei faglege aktivitetane og har internasjonalt orienterte medarbeidarar og studentar. UiS vil prioritere studentaktiv og innovativ læring, undervisingskvalitet og innovasjons- og entreprenørskapsaktivitetar. Vi skal ha framtidsretta utdanningar og kritisk og uavhengig forskning av høg internasjonal kvalitet der idear blir omsette til verdiskaping for individ og samfunn.

### Verdiar: uavhengig, involverande og skapande

Verdigrunnlaget er styrande for åtferda vår i møte med studentar, tilsette og samfunnet. Det gjev oss retning for korleis vi skal nå visjonen og måla våre som universitet. Universitetet i Stavanger er:

#### *Uavhengig*

Studentar og tilsette skal vere i kontinuerleg samspel med samfunnet, samstundes som vi driv uavhengig kritisk søken etter ny kunnskap. Som institusjon bygd på demokratiske og humanistiske verdiar vernar vi om akademisk fridom og den uavhengige forskinga, og fremjar ideal som yringsfridom, integritet og likeverd. Gjennom kritisk refleksjon og tydeleg kommunikasjon skal tilsette og studentar setje dagsorden for viktige saker og vere aktive deltakarar i fag- og samfunnsdebatten.

#### *Involverande*

Vi verdset eit ope samfunn, og skal involvere studentar og samfunnet i den akademiske fellesskapen. Vi deler kunnskapen og kompetansen vår. Ved involvering får avgjerdene eit vidare kunnskapsgrunnlag. Respekt for at vi alle er ulike og har ulik bakgrunn gjev vilkår for sosial og fagleg deltaking. Universell utforming skal prege studia våre og det fysiske og digitale læringsmiljøet. I læringsmiljøet vårt ser vi på mangfald som ressurs.

#### *Skapande*

Vi vil flytte grenser for kunnskap og ferdigheiter. Kreativitet og skapande aktivitet skal kjenneteikne

den vitenskaplege, kunstnariske og administrative verksemda vår. Vi skal fremje bruk av ny kunnskap og kloke avgjerder i samfunns- og arbeidsliv. Vi skal gje grobott for livskraft, gode levevilkår og berekraftig utvikling. Studia skal vere dannelsesreiser som dyrkar fram kritisk tenking og reflekterte livsval for den enkelte.

## **Arkeologisk museum, UiS**

Dette dokumentet er forankra i UiS sin overordna strategi og meislar ut museet sine strategiske føringar. Museet forskar på og formidlar forhistoriske og historiske levemåtar og relasjonar mellom menneske, dyr og miljø i eit langtidsperspektiv. Denne kunnskapen er viktig for å kunne handtere dei omfattande utfordringane i eit globalisert, fleirkulturelt og høgteknologisk samfunn.

Museet er UiS i sentrum og skal vere ein aktuell arena for danning, kunnskapskommunikasjon og refleksjon der ulike stemmer og tema vert synleggjorde for samfunnet. Formidling skal vere eit særskilt satsingsområde der eksperiment, handboren og erfaringsbasert kunnskap vil brukast som formidlingsplattform. Vi skal drive framifrå grunn- og anvend forsking med kvalitet i alle ledd, bidra til fagleg fornying og flytte forskingsfronten. Forsking skal gjennomsyre alle ledd i kjerneverksemda vår; frå kulturminnevern, samlingsforvaltning og konservering til formidling. Vi skal ha ein innovativ og internasjonal profil og vere ein attraktiv partner i internasjonale forskingsprosjekt for å styrke og utvide den vitenskaplege kompetansen innan alle fagområda våre og for å auke gjennomslagskrafta.

Det er museet si oppgåve å skaffe til vege og formidle kunnskap om endringar i natur- og kulturtilhøve i eit langtidsperspektiv. Slik vil vi skape føresetnadar for dagens menneske for å forstå samanhengar og mangfald i dei natur- og menneskeskapte omgjevnadane.

Forvaltings- og oppdragsverksemda vår skal vere ein aktiv partner i nasjonale prosjekt og nettverk, vere drivande innanfor kulturminnevern og vere i forkant av metodeutvikling og bruk av ny teknologi. Vi skal vere ein leiande, profesjonell aktør innan kjerneverksemda vår og innan satsingsområde der vi har eit strategisk fortrinn. Museet skal sørge for at strategiske initiativ har brei forankring.

### **Arkeologisk museum har fokus på følgjande punkt knytte til UiS sine tverrgåande satsingar og tema:**

**Læring for livet** – museet skal vere ein attraktiv arena for forskingskommunikasjon.

- Formidlinga skal gje ei heilskapleg oppleving som utvidar og utfordrar publikum sine perspektiv.
- Vi skal involvere og engasjere publikum og tilsette i den tverrfaglege verksemda vår.
- Formidlinga er forskingsbasert, og vi skal kommunisere og synleggjere forskingsprosessen og engasjere til refleksjon kring kunnskapsproduksjon.

**Grøn omstilling** – vi skal ha eit holistisk syn på berekraft og legg til grunn at mennesket er ein aktiv del av eit heilskapleg økosystem.

- Klima- og miljøperspektiv skal inn i alle avgjerdsprosessar.
- Vi skal implementere eit heilskapleg miljøperspektiv i forvaltning, forskning og forskingskommunikasjon.
- Vi skal fremje kritisk refleksjon kring globale samfunnsmessige utfordringar knytte til miljø, klima og naturkatastrofar, migrasjon, kulturkonfliktar og materialbruk og -val.

**Eit godt arbeidsmiljø** – vi skal vere eitt museum, med same samfunnsoppdrag (forskning, forvaltning, formidling) og felles målsetjingar.

- Vi skal vere raus med å dele kunnskap og engasjement på tvers av fagfelt for å rive ned institusjonelle skilje og oppfordre til samarbeid.
- Vi skal sikre kvalitet i alle ledd. Vi skal vere ambassadørar for kvarandre og museet og skal heie kvarandre fram.

**Eit ope universitetsmuseum** – vi skal vere eit synleg og tilgjengeleg museum av internasjonalt format.

- Datainnsamlinga skal vere forskingsbasert, og museet skal kvalitetssikre og gjere forskingsdata og resultat opent tilgjengelege.
- Vi skal synleggjere forskinga og forskingsprosessen og legge til rette for kjeldekritisk refleksjon og kompetanse.
- Vi skal styrke omdømet vårt og synleggjere kompetansen på museet og slik styrke rolla vår som ein aktiv og tilgjengeleg samfunnsaktør.
- Vi skal delta aktivt i samfunnsdebatten og gripe fatt i samfunnsaktuelle og kontroversielle tema.

**Helse** – museet skal fremje folkehelse.

- Museet skal gjennom utstillingar og forskingskommunikasjon medverke til god folkehelse ved å gje rom for refleksjon omkring det å vere menneske.
- Forskinga vår skal bidra til ny kunnskap om menneska sine levevilkår, eksistensielle rammer og helse gjennom eit langtidsperspektiv, og om korleis natur- og kulturskapte endringar påverkar mennesket.

**Energi** – museet skal drive forskning på og formidling av teknologisk utvikling og energibruk i eit langtidsperspektiv.

- Mennesket er ein aktiv del av eit økosystem, og forskinga vår på forhistoria bidreg til kunnskap om mennesket si skaparkraft, omstillingsevne og innovasjon.